asplan
viak

Kommuneplanen sin arealdel Hjartdal 2024-2033

Konsekvensutgreiing for samla planforslag

Høyringsforslag

Dato: 27.05.2025

asplanviak.no

Versjon: **02**

asplan
viak

Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Hjartdal kommune

Tittel på rapport: Kommuneplanen sin arealdel Hjartdal 2024-2033

Oppdragsnamn: Kommuneplanens arealdel

Oppdragsnummer: 642077-01

Utarbeidd av: Emma Kuskemoen

Oppdragsleiar: Sissel Mjølsnes

Tilgjenge: Open

Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS
02	27.mai 2025	Revidert etter 1. gangs handsaming før utlegging og høyring	KKD	HPJ
01	24. apr. 2025	Nytt dokument	EK	HPJ

Samandrag

Hjartdal kommune skal rullere kommuneplanen sin arealdel. I samband med rulleringa er det utført ein konsekvensutgreiing av innkomne innspel og av det ferdige planforslaget. Asplan Viak har støtta kommunen i dette arbeidet. Dette dokumentet er ein konsekvensutreiing av det ferdige planforslaget. Konsekvensen av endringane i planen har for ulike fagtema har blitt vurdert i tråd med krav i forskrift om konsekvensutgreiingar og kommunen sitt planprogram fastsett 12.06.2024. Det er utført risiko- og sårbarheitsanalyse for planforslaget etter DSB sin rettleiar for ROS-analyser (2017). ROS-analysen for planforslaget ligg i eigen rapport, her ligg også nærmare omtale av metode (*ROS-analyse. Kommuneplanens arealdel for Hjartdal kommune, Asplan Viak 20.03.2025)*.

Den samla konsekvensvurderinga av planforslaget syner positiv konsekvens for temaet busetting og vurderast å følgje opp arealstrategien om busetting i kommunen.

Planforslaget har stor positiv verdi for barn og unge ved at viktige område for aktivitet i Sauland er lagt inn med omsynssone friluftsliv og det er lagt inn nytt idrettsområde, samstundes som det er sett krav til storleik og kvalitet på leikeplassar og uteopphaldsareal.

Planforslaget følgje opp arealstrategien og bygger opp under Tuddal som satsingsområde gjennom å opne for meir utbygging av fritidsbustader og tilhøyrande teneste/tilbod, samt kanalisera framtidig satsing ved å redusere utbyggingspotensiale av fritidsbustader andre stader i kommunen.

Planforslaget vurderast å gi positiv konsekvens for temaet kulturminne og miljø ved at utvalde kulturmiljø i kulturminneplanen for Hjartdal er fylgt opp med omsynssoner.

Totalt sett vurderast planforslaget å ha positiv konsekvens for temaet naturmangfald (*eksl. villrein)*. Dette på bakgrunn av i føresegner som skal sikre korridorar for ferdsel og vilt og ivaretaking av koller, myr, med meir, samt at planforslaget totalt sett gir ein reduksjon i utbyggingsarealet i kommunen.

Det er i planforslaget gjort grep for ikkje å forringe og delvis betre forholda for villrein i store deler av kommunen, samanlikna med gjeldande plan. Villreinen sitt leveområde er teke inn som eiget LNFR-føremål (LNF2) der omsynet til villreinen skal tilleggas særskilt vekt, i tillegg er trekkområde for villreinen teke inn som føresegnområde. LNF2-føremålet ligg ikkje i gjeldande plan og er nytt i planforslaget. Dette grepet er positivt med tanke på villreinens levekår for alternativ 1, og er eit ledd i å gjere forholda betre for villrein, innanfor dei rammene ein har satt for rullering av kommuneplanens arealdel.

Samtidig opnar planforslaget for mykje nye byggeområde i Tuddal og auka ferdsel i villreinen sitt leveområde. Planforslaget reduserer moglegheitene for bygging av fritidsbustader i andre deler av kommunen, både i og nær opptil villreinen sine leveområde, særleg rundt Bondal og Breivatn, noko som er positivt for villrein. Totalt sett vurderast planforslaget å ha negativ konsekvens for temaet villrein nær Tuddal, og noko positiv konsekvens for villrein i dei andre delane av kommunen, samanlikna med gjeldande plan.

Planforslaget vurderast å gi positiv konsekvens for temaet friluftsliv på grunn av omsynssoner for delområde viktig for friluftsliv og føresegner som skal sikre vidareføring av løypenett i nye utbyggingsområde.

Planforslaget tilbakefører meir dyrka mark frå utbyggingsføremål til LNF enn det tek dyrka mark til nye utbyggingsføremål. Planforslaget vurderast difor å ha positiv konsekvens for tema landbruk.

Planforslaget vurderast å gi middels negativ konsekvens for temaet mineralressursar fordi to nye utbyggingsområde inneberer nedbygging av ein registrert mineralressurs.

I planforslaget er det teke ut meir utbyggingsareal enn det er teke inn nytt og planforslaget gir totalt sett ein høveleg reduksjon i berekna utslepp av klimagassar. Planforslaget vurderast difor å ha positiv konsekvens for temaet klimagassutslepp.

For temaet forureining vurderast planforslaget i gi ubetydeleg negativ konsekvens.

Planforslaget legg opp til ein utbygging i Tuddal som er positiv med tanke på ny tilknyting til det kommunale anlegget. Det utvida reinsedistriktet krev utbygging av hovudleidningsnettet før områda som ligg mellom eksisterande og nytt reinsedistrikt kan koplast på. Omfang og kostnader knytt til dette vil avklarast gjennom den overordna hovudplanen for vatn og avløp som kommunen arbeider med. Nye bustadområde i Hjartdal krev større investeringar i VA for kommunen dersom dei skal stå for utbygginga.

Innhald

1. Kort om konsekvensutgreiing 5
   - 1.1. Kommuneplanen sin arealdel 5
   - 1.2. Formål med konsekvensutgreiing og avgrensing av utgreiingskravet 5
   - 1.3. Grunnlag for vurderingane 5

2. Metode 6

3. Samla konsekvensutgreiing av planforslaget 7
   - 3.1. Omfang av konsekvensutgreia arealinnspel 7
   - 3.2. Busetting 8
   - 3.3. Tuddal som satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling 10
   - 3.4. Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping 11
   - 3.5. Landbruk og mineralressursar 15
   - 3.6. Klimagassutslepp og forureining 16
   - 3.7. Teknisk infrastruktur 17

1. Kort om konsekvensutgreiing

1.1. Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanens arealdel er kommunens overordna styringsverktøy for arealbruk og følgjer opp visjon og satsingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealdelen består av rettsleg bandande plankart, føresegner og retningslinjer og legg føringar for bruk og vern og utforming av areal og omgjevnader i kommunen.

1.2. Formål med konsekvensutgreiing og avgrensing av utgreiingskravet

Plan- og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutreiing krev at kommuneplanen sin arealdel skal ha ein skildring av verknadene til planen når det gjeld miljø og samfunn, ein konsekvensutreiing. Konsekvensutreiinga er ein integrert del av planarbeidet og er ein viktig del av grunnlaget for utforming og vedtak av den endelege planen.

Dette dokumentet inneheld ein konsekvensutgreiing av det ferdige planforslaget og er vedlegg til planomtalen til kommuneplanen sin arealdel.

1.3. Grunnlag for vurderingane

Dette dokumentet tek for seg samla konsekvensar av forslag til ny arealdel med plankart (datert 24.04.2025) og føresegner (datert 23.04.2025). Endringar i plankartet er omtalt i planomtalen til arealdelen og konsekvensvurderingar av endringar som er gjort på bakgrunn av arealinnspel er omtalt i dokumentet *Konsekvensutgreiing av arealinnspel (*datert 24.04, Asplan Viak). Konsekvensane er vurdert temavis med utgangspunkt i dei hovudtema som kommuneplanen sin samfunnsdel, planprogrammet og arealstrategiane viser til, i tillegg til klimagassutslepp, forureining og teknisk infrastruktur som er viktig å vurdere ved endra arealpolitikk.

2. Metode

Metodikken tek utgangspunkt i rettleiaren T-1493 Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel. Konsekvensutgreiinga er i hovudsak gjord med utgangspunkt i eksisterande informasjon, med unntak av tema naturmangfald. I samband med kommuneplanprosessen er enkelte av innspelsområda NiN-kartlagt, og for desse områda er det dermed innhenta ny kunnskap.

Samla vurdering av planforslaget baserer seg på konsekvensvurderingane for de einskilde arealinnspela som er teke med i planforslaget (sjå dokument *Konsekvensutgreiing av arealinnspel, datert 24.04.2025, Asplan Viak)* og konsekvensvurderinga for villrein (sjå dokument *Konsekvensutgreiing av tema villrein,* datert 25.04, Asplan Viak), samt ein vurdering av verknadene av dei andre endringane som er gjort i plankart og føresegner.

Konsekvensane er vurdert temavis med utgangspunkt i dei hovudtema som ligg i dei vedtekne arealstrategiane for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og supplert med utgreiingstema frå planprogrammet som ikkje er dekt i arealstrategiane. Samfunnstryggleik og beredskap er vurdert i risiko- og sårbarheitsanalysa. Vurderinga av verknadene av det ferdige planforslaget baserer seg på vurderingane av enkelttema, supplert med forhold som fagleg skjønn og lokalkunnskap. Samanlikningsgrunnlaget for vurderingane er arealbruk og konsekvensar av gjeldande plan. Vurderingane er tilpassa plannivå og relevans for avgjerda kommunen skal fatte.

3. Samla konsekvensutgreiing av planforslaget

3.1. Omfang av konsekvensutgreia arealinnspel

Arealinnspel har kome inn i perioden 2021-2024, kor fleste parten av innspela er datert april-juni 2024. Hjartdal kommune fekk inn totalt 52 arealinnspel, der fleire av innspela gjeld fleire område eller alternativ og er nummerert a, b, c også vidare. Kommunen har utført ein grovsiling med politisk handsaming av innspela basert på kriteria frå planprogrammet og arealstrategiane. Einskilde innspel krev ikkje endringar i plan og er difor ikkje konsekvensutgreia. Det er totalt 25 arealinnspel som er konsekvensvurdert, kor fleire er nummerert med a, b, c også vidare.

Det er 21 arealinnspel som heilt eller delvis eller lagt inn i planforslaget. Nokre av innspela har fått justert avgrensing for å minimere konflikt med einskilde tema identifisert i konsekvensutgreiinga for arealinnspela. Følgjande innspel er teke inn i forslag til nytt plankart:

ID	Områdenavn/eiendom	Dagens formål	Foreslått formål
Nr 39	Sauland, 66/1	LNFR	Bustad
Nr 50	Sauland, 72/2	LNFR, omsynssone flaumfare	Sentrum
Nr 51A	Dalen aust	LNFR	Bustad
Nr 51B	Dalen vest	Idrett	Bustad
Nr 36	Alpelandsbyen Tuddal	LNFR, fritidsbustader og omsynssone overføringsliner for energi	Fritids- og turistformål
Nr 6	Tuddal, 107/3	LNFR og omsynssone overføringsliner for energi	Fritidsbustad
Nr 15	Tuddal, 97/126	LNFR spredt fritidsbustad	Fritidsbustad
Nr 53	94/5	LNFR	Fritidsbustad
Nr 46A	Gvålsheia hyttefelt	LNFR	Fritidsbustad
Nr 46B	84/15	LNFR, friluftsområde/alpinområde, skitrekk og felles grøntareal	Fritidsbustad
Nr 48D	Kleppen, 68/1	LNFR	Idrett
Nr 48E	Kleppen, 68/1	LNFR	Idrett
Nr 9A	Kovstulheia	LNFR og fritidsbustad	Fritidsbustad

Nr 48A	Bøehaugen	LNFR	Omsynssone friluftsliv
Nr 48B	Kleppen	LNFR	Omsynssone friluftsliv
Nr 26B	Skiløype Ålamoen	LNFR	Omsynssone friluftsliv
Nr 26A	Turveg Sauland	LNFR, sentrumsformål og idrett	Omsynssone friluftsliv
Nr 42 J	Sjotmoen	LNFR med omsynssone geologisk ressurs	Råstoffutvinning
NR 45	Nordre Kjelldalen Solcellepark	LNFR	Bandlagt etter anna lovverk
Nr 55	Tuddal, Kovstul 97/1, 97/2	LNFR	Kombinert formål fritidsbustad og fritid- og turistformål
Nr 23	Kovstulvatnet/Toskjærvatnet	LNFR	Råstoffutvinning

I tillegg er område FB14 tatt inn i planen. Dette svarar til reguleringsplanområdet for Kovstul som er i ein pågåande prosess med uavklart fråsegn. Området er spilt inn i planprosessen for KPA og er her gitt Nr 1 og Nr 17.

Ein del endringar i plankartet er ikkje konsekvensutgreia. Det gjeld arealendringar som ikkje utløyser plikt om konsekvensutgreiing fordi dei ikkje opnar for ny utbygging. Dette gjeld til dømes å endre areal avsett til utbyggingsføremål i gjeldande plan til LNFR i planforslaget. Arealendringar som ikkje er konsekvensutgreia som arealinnspel er omtalt og inkludert i dei temavise vurderingane av samla konsekvens for planforslaget i dette kapitelet.

3.2. Busetting

3.2.1. Bakgrunn

Tek for seg arealstrategi om variert bustadtilbod og utgreiingstema barn og unge sine oppvekstvilkår.

Vurderingsmoment

- Legg til rette for eit meir variert bustadtilbod inkludert fleire leilegheiter og mindre einingar i tettstadene
- Ny busetting i kort avstand til offentlege teneste og anna sosial infrastruktur
- Barn og unge sine oppvekstvilkår

3.2.2. Vurdering av konsekvens

Sauland: Det er lagt inn eit nytt større bustadområde i Sauland (innspel nr. 39) i tillegg er sentrumsføremålet utvida (blant anna med innspel nr. 50) noko som gir meir fleksibilitet i høve arealbruken og inkluderer busetting.

Hjartdal: I Hjartdal er det lagt inn to nye bustadområde (innspel nr. 51 a og b). Områda kan egne seg til å bygge bustadtilbod i form av mindre einingar som det er lite av i bygda frå før. Områda ligg nært butikk, busshaldeplass og skule.

Tuddal: Det er ikkje lagt inn nye bustadområde i Tuddal, men sentrumsføremålet er utvida for å legge til rette for fleire blanda funksjonar og høgare utnytting av areala, til dømes til leilegheiter.

Barn og unge: Planforslaget omdisponerer ikkje areal med kjend verdi for barn, men det er sett av bustadområde med kort avstand til sosial infrastruktur. Samtidig er det lagt inn omsynssone for friluftsliv for lysløype, turveg, skiløype og vinteraktivitetsområde (innspel nr. 48 a og b og 26 a og b) og idrettsområde (innspel 48 d og e) i Sauland som har stor verdi for barn og unge. Krav til leikeareal og uteopphaldsareal ved utbygging av bustader ligg ikkje inne i gjeldande KPA, men krav til storleik og kvalitet er tatt inn i føresegnene no.

3.2.3. Konklusjon

Planforslaget følgjer opp arealstrategien og legg til rette for busetting i Sauland, Hjartdal og Tuddal med område som kan egne seg til bygging av mindre bueiningar. Samla sett vurderast planforslaget å ha positiv konsekvens for tema busetting.

Planforslaget har stor positiv verdi for barn og unge ved at viktige område for aktivitet i Sauland er lagt inn som idrettsområde og med omsynssone friluftsliv med tilhøyrande føresegner som tillèt tiltak og bruk, samstundes som det no er sett krav til storleik og kvalitet på leikeplassar og uteopphaldsareal.

3.3. Tuddal som satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling

3.3.1. Bakgrunn

Dekkjer arealstrategi om at Tuddal skal vere satsingsområde for fritidsbustader og at planen skal legge til rette for destinasjonsutvikling i Tuddal.

Vurderingsmoment

- Bygger opp under Tuddal som satsingsområde (i/utanfor Tuddal og om det er tiltak som bygger opp under satsinga)
- Leggje til rette for fritidsbustader i eit omfang som svarar til dagens kapasitet på vassverk og reinseanlegg (innanfor/utanfor Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt, relevant for fritidsbustader)
- Fortetting av eksisterande byggeområder skal prioriterast før nye utbyggingsområde.
- Planens skal fastsette ein langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal som tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, omsyn til friluftsliv og landskap og destinasjonens attraksjonsverdi.

3.3.2. Vurdering av konsekvens

I Tuddal er det lagt inn fleire nye byggeområde for fritidsbustader, fritids- og turistføremål som også inkluderer alpin. Alle eksisterande byggjeområde er vidareført i Tuddal, og innanfor dagens og utvida reinsedistrikt vil det vere tillaten å fortette. Ein reguleringsplan tettast på villreinområdet er foreslått oppheva, og erstatta av LNF spreidd fritidsbustader (LSF) utan moglegheit for fortetting.

Planen legg til rette for fleire fritidsbustader enn det som svarar til dagens kapasitet på vassverk og reinseanlegg (innanfor/utanfor Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt).

Ikkje-realiserte byggeområde i dagens kommuneplan og reguleringsplanar har vore gjennomgått på bakgrunn av ny kunnskap og føringar for planarbeidet for å vurdere om desse skal vidareførast. Eit av kriteria har vore om det er område for fritidsbustader utanfor Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt og fleire område er teke ut og det er starta opp prosess med oppheving av fleire reguleringsplanar for hytter utanfor Tuddal.

3.3.3. Konklusjon

Planforslaget følgje opp arealstrategien og bygger opp under Tuddal som satsingsområde gjennom å opne for meir utbygging av fritidsbustader og etablering av tenester som tilbod til fritidsinnbyggarar og turistar. Planforslaget bidreg også til å kanalisera framtidig satsing innan fritidsbusetnad og tilhøyrande tenester og tilbod til

Tuddal ved å redusere utbyggingspotensiale av fritidsbustader andre stader i kommunen.

3.4. Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping

3.4.1. Bakgrunn

Dekkjer arealstrategi om at natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping, samt utgreiingstemaa kulturminne- og miljø, naturmangfald, landskap og friluftsliv.

Vurderingsmoment

- Ivaretek viktige naturverdiar (naturtypelokalitetar, viltområde, raudlisteartar)
- Villreinens leveområde
- Friluftsliv
- Landskap (tregrense, inngrep i nye landskapsrom, seterlandskap)
- Våtmark og myr

3.4.2. Vurdering av konsekvens

Kulturminne- og miljø

Utvalde kulturmiljø i kulturmiljøplan for Hjartdal er fylgt opp med omsynssoner med retningsliner tilrådd i kulturmiljøplanen. Dei to nye bustadområde i Hjartdal ligg innanfor dette kulturlandskap. Områda er av mindre storleik og ligg i tilknyting eksisterande bustadfelt. Det vurderast at områda i liten grad vil endre landskapet si karakter og påverkar ikkje kulturlandskapet i særleg grad.

Naturmangfald eksl. villrein

I planforslaget er det er satt byggegrense mot vassdrag. Det er sett krav til kartlegginga av naturmangfald dersom dette ikkje er tilfredsstillande kartlagt frå før, dette gjeld både nye reguleringsplanar og søknader om utbygging i LNF spreidd.

Føresegnene sikrar at det setjast vilkår som reduserer risiko for spreiing av planteskadegjerare, ugras og framande artar ved søknad om tiltak om flytting av matjord og underliggande jordmassar.

Det er gitt føresegner om at gjennomgåande grøne korridorar for ferdsel og vilt skal bevarast. Tilsvarande gjeld myrområde, koller og andre naturområde som er visuelt utsett eller utgjer viktige naturverdiar eller element i landskapet.

Ved utarbeiding av planforslag og søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis registrerte naturverdiar vert ivaretatt.

Det er slik sett tatt ein rekkje nye omsyn til naturmangfald i planen og fleire nye utbyggingsområde er avgrensa for ikkje å innehalde registrerte naturtypelokalitetar. Alle nye utbyggingsområde i eit naturområde vil gi negativ konsekvens samanlikna med gjeldande plan og peikast spesielt på dei nye utbyggingsområde KBA36 og FB15 (innspel nr. 36 og 15) kor registrerte naturtypelokalitetar omdisponerast til utbyggingsføremål. Delar av område FB14 (innanfor det som svarar til innspel nr 17) ligg på myr. På ein anna side er det teke ut meir utbyggingsareal i planforslaget enn det er lagt til nytt og det er spesielt positivt at mykje utbyggingsområde til dømes ved Breivatn er teke ut. I planforslaget er det er også teke ut betydeleg utbyggingsareal på myr (371 daa).

Villrein

Det er utarbeid ein eigen konsekvensutgreiing for tema villrein og hovudpunkta i utgreiinga er teke inn her.

I planforslaget er villreinens leveområde er lagt som eit eige LNF-føremål (LNF2) med føresegner som sikrar at ved søknad om tiltak skal omsynet til villreinen tilleggas særskilt vekt. Avgrensingar av LNF2 er vist i to ulike alternativ, der alt. 1 utgjer Miljødirektoratet si avgrensing av Brattefjell Vindeggen villreinområde og alt. 2 utgjer eit mindre areal som omfattar Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde og Flottin fuglefredningsområde. Alternativ 1 for avgrensing av LNF2 kan sjåast på som eit ledd i å gjere forholda betre for villrein, innanfor dei rammene ein har i plan- og bygningsloven og innanfor kva kommuneplanens arealdel kan styre. Avgrensinga av LNF 2 i alternativ 2 inneber i seg sjølv liten endring i tilhøva for villreinen samanlikna med gjeldande plan, fordi dette omfattar område som allereie er verna etter naturmangfaldlova.

LNF2-føremålet ligg ikkje i gjeldande plan og er nytt i planforslaget. Dette grepet er positivt med tanke på villreinens levekår for alternativ 1, og er eit ledd i å gjere forholda betre for villrein, innanfor dei rammene ein har satt for rullering av kommuneplanens arealdel.

For villreinen sine trekkområde er det lagt inn føresegnområde om at det ikkje tillatast bygge- og anleggstiltak som kan stenge eller forverre dagens situasjon for villreinens

trekk. Dette er ei innstramming i høve til gjeldande plan, som legg til rette for å betre tilhøva for villreinen.

Planforslaget vil kunne gi negativ konsekvens for villrein i områda rundt Tuddal. Ein ytterlegere destinasjonsutvikling i Tuddal med utbygging av nye fritidsbustader, og utan tiltak for å kanalisere ferdsel vekk frå villreinens leveområde, vil kunne forverre forholda for villrein. Likefullt, planen opnar for fortetting innanfor heile det utvida reinsedistriktet, og deler av reinsedistriktet ligger i betydeleg avstand frå villreinens leveområde.

I Bondal og ved Breivatn er det ikkje lagt inn nye byggjeområde for fritidsbustad, og det er foreslått å oppheve ein rekkje reguleringsplanar for fritidsbustader i desse områda. For områda for fritidsbustadar utanfor reinsedistriktet i Tuddal vil det ikkje vere tillaten å fortette utover det som ligg i gjeldande reguleringsplanar.

Framtidig byggeområde for fritidsbusetnad vest og sør for Breivatn er teke ut og erstatta med LNF spreidd utbygging av fritidsbustader (LSF). For LSF-områda er det ikkje opna for å bygge fleire fritidsbustader enn på dei allereie frådelte tomtene. Det vil sei at det ikkje opnast for å frådele nye tomter for fritidsbustad innanfor formålet.

Totalt sett har planen gjort grep for ikkje å forringe og delvis betre forholda for villrein i store deler av kommunen, samanlikna med gjeldande plan. LNF2-føremålet og føresegnområde for trekkområde er ein innstramming som hindrar auke i ferdsle innanfor villreinens sine leveområde i høve til gjeldande plan, noko som er positivt for villrein.

Tuddal skil seg ut, og i dette område vil planforslaget kunne gje betydeleg negativ konsekvens for villrein, mykje grunna potensial for auka ferdsel og nye byggjeområde for fritidsbustader heilt inntil villreinens leveområde. Planforslaget gjer redusert moglegheit for bygging av fritidsbustader i andre deler av kommunen, både i og nær opptil villreinen sine leveområde (Miljødirektoratets avgrensing), særleg rundt Bondal og Breivatn, noko som er positivt for villrein.

Landskap og friluftsliv

Føresegnene sikrar at der løypenettet går gjennom område for fritidsbustader, skal traséane sikrast i reguleringsplanane, og at utbyggingsområde for fritidsbustader skal koplast til løypenettet. Før det kan gjevast løyve for igangsetting av utbygging av fritidsbustader, skal vidareføring av dagens løypenett gjennom området vere sikra.

Det er lagt inn omsynssoner for friluftsliv for delområde der det er særskilte friluftsinteresser.

Hovudvekta av innspelsområda som er teke med i planen ligg under tregrensa. Eitt innspelsområde i Tuddal (FB15) ligg delvis over tregrensa.

3.4.3. Konklusjon

Det er gjort ei rekke grep for å sikre omsyn til kulturminne- og miljø, naturmangfald, landskap og friluftsliv.

Utvalde kulturmiljø i kulturmiljøplan for Hjartdal er fylgt opp med omsynssoner med retningsliner tilrådd i kulturmiljøplanen. Planforslaget vurderast å gi positiv konsekvens for temaet kulturminne og miljø.

For temaet naturmangfald (*eksl. villrein*) er det er lagt inn føresegner om at gjennomgåande grøne korridorar for ferdsel og vilt skal bevarast. Tilsvarande gjeld myrområde, koller og andre naturområde som er visuelt utsett eller utgjer viktige naturverdiar eller element i landskapet. Det er både lagt til og tatt ut utbyggingsområde der det i dag er natur. Arealrekneskapet syner at det totalt sett er mindre utbyggingsområde i planforslaget enn gjeldande plan og rundt 3 090 daa, kor rundt 370 daa er myr, utbyggingsareal vert tilbakeført til LNFR i planforslaget. Totalt sett vurderast planforslaget å ha positiv konsekvens for temaet naturmangfald (*eksl. villrein)*.

LNF2-føremålet, hovudsakleg i alt. 1, og føresegnområde for trekkområde er ein innstramming som hindrar auke i ferdsle innanfor villreinens sine leveområde i høve til gjeldande plan, noko som er positivt for villrein.

Satsinga på økt bygging av fritidsbustader i Tuddal vil kunne generere auka ferdsel i leveområda til villreinen, og også føre til nedbygging av natur. Samtidig gir planen redusert moglegheit for bygging av fritidsbustader i andre deler av kommunen, både i og nær opptil villreinen sine leveområde (Miljødirektoratets avgrensing), særleg rundt Bondal og Breivatn. Totalt sett vurderast planforslaget å ha negativ konsekvens for temaet villrein nær Tuddal, og noko positiv konsekvens for villrein i dei andre delane av kommunen, samanlikna med gjeldande plan.

Planforslaget vurderast å gi positiv konsekvens for temaet friluftsliv på grunn av omsynssoner for delområde viktig for friluftsliv og føresegner som skal sikre vidareføring av løypenett i nye utbyggingsområde.

3.5. Landbruk og mineralressursar

3.5.1. Bakgrunn

Dekkjer arealstrategi om at natur- og kulturverdiar skal takast var på og brukast i lokal verdiskaping (landbruksjord), samt utgreiingstema mineralressursar.

Vurderingsmoment

- Dyrka og dyrkbar mark
- Beitemark
- Mineralressursar

3.5.2. Vurdering av konsekvens

Landbruk

Dei nye utbyggingsområda som er lagt inn i planen er i stor grad avgrensa mot dyrka mark, men IDR48 består i hovudsak av dyrka mark og det er eit område som inneheld dyrka mark og eit som inneheld dyrkbar mark. Det er dyrka mark på innspel nr. 55 (KBA55) (innmarksbeite, ca. 6,5 daa), samt dyrkbar mark på store delar av innspel 39 (B39) (ca. 35 daa). Dei nye områda med omsynssone friluftsliv i Sauland ligg delvis på dyrka mark som kan bli påverka av løypekøyring vinterstid (isbrann, sein snøsmelting m.v.). For planforslaget i heilskap syner arealrekneskapet at ca. 19 daa landbruksmark vert spart i planforslaget, samanlikna med gjeldande plan.

Samtidig er to utbyggingsområde i gjeldande plan anten redusert eller teke ut for å unngå nedbygging av dyrka mark. Det eine området er regulert og det skal settast i gong ein prosess for å oppheva planen. Det eine område som tilbakeførast til LNF inneheld ca. 14 daa dyrka mark og der er soleis netto spart dyrka mark i planforslaget samanlikna med gjeldande plan. Føresegnene til planforslaget stiller også krav om at reguleringsplanar skal ta stilling til og sette fast ei byggegrense mot dyrka mark.

Mineralressursar

Det er i planforslaget lagt inn to nytt område for råstoffutvinning, innspel nr. 42j (RU42J) og 23 (RU23). Område RU42J ligg nær europavegen og nært kommunesenteret. Det er lagt inn tre nye utbyggingsområde som heilt eller delvis ligg på ein registrert lausmasseførekomst (innspel nr. 39, 50 og 36). To av desse innspela ligg nært eller i Sauland sentrum og har ein topografi som gjer at dei ikkje er direkte egna for uttak av massar, det tredje innspelet rett nord for Tuddal sentrum og kan vere meir egna for uttak. Lausmasseførekomstane er alle definert med lokal verdi. Grusressursen på Ålamoen er satt av med omsynssone geologisk ressurs.

3.5.3. Konklusjon

Planforslaget tilbakefører meir dyrka mark frå utbyggingsføremål til LNF enn det tek dyrka mark til nye utbyggingsføremål. Planforslaget vurderast difor å ha noko positiv konsekvens for tema landbruk.

Tre av dei nye utbyggingsområda vil ved full utbygging vanskeleggjere utnytting av ein lausmasseførekomst, men berre ein av desse områda vurderast som egna for masseuttak. Lausmasseførekomsten er berre av lokal verdi og planforslaget legg også til rette for masseuttak gjennom eit nytt område for råstoffutvinning. Konsekvens for temaet vurderast til middels negativ.

3.6. Klimagassutslepp og forureining

3.6.1. Bakgrunn

Dekkjer utgreiingstema klimagassutslepp og forureining.

Vurderingsmoment

- Klimagassutslepp
- Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn

3.6.2. Vurdering av konsekvens

Klimagassutslepp

I planforslaget er det lagt inn fleire arealinnspel som har raud og gul konsekvens for klimagassutslepp. Eit innspel har raud konsekvens på grunn av både utslepp frå arealbruksendringar (innspel nr. 39) og endringar i transportmønster, medan 5 har raud konsekvens fyrst og fremst på grunn av endringar i transportmønster og 7 har gul konsekvens av same grunn. For planforslaget i heilskap syner arealrekneskapet at det er mindre utbyggingsareal i planforslaget enn det ligg i gjeldande plan, og mykje utbyggingsareal på myr i gjeldande plan er teke ut. Difor gir det totale klimarekneskapet for planforslaget ein betydeleg reduksjon i utslepp av klimagassar.

Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn

Føresegnene gir strenge føringar for utandørs lys med maks tre pr. fritidsbustad i hytteområde og maks eitt pr. fritidsbustad i LNF spreidd. For all utbygging gjeld at opplysning av fasade ikkje er tillaten og føresegna er også gjort overstyrande for alle eksisterande reguleringsplanar.

Det er lagt inn 12 nye utbyggingsområde som har fått gul konsekvens for temaet forureining på grunn av mogleg endring i ljosforhold, resten har fått grøn konsekvens.

3.6.3. Konklusjon

I planforslaget er det lagt inn fleire arealinnspel med gul og raud konsekvens for temaet klimagassutslepp, men det er teke ut meir utbyggingsareal enn det er teke inn nytt og planforslaget totalt sett gir ein høveleg reduksjon i berekna utslepp av klimagassar. Planforslaget vurderast difor å ha positiv konsekvens for temaet klimagassutslepp.

Det er lagt inn strenge føringar for utandørs ljossetting på fritidsbustader i kommunen, samtidig som det er lagt inn fleire utbyggingsområde som vil gi middels negativ konsekvens mtp. ljos til omgjevnadene. Samla sett for temaet forureining vurderast fordeler av å avgrense ljossetting på fritidsbustader som langt større enn ulempa ved dei arealinnspela som kan gi ljosforureining og konsekvens for temaet vurderast til ubetydeleg negativ (grøn).

3.7. Teknisk infrastruktur

3.7.1. Bakgrunn

Dekkjer utgreiingstema teknisk infrastruktur og vurderer verknader for kommuneøkonomien med tanke på krav til investeringar i veg, vatn og avløp.

Vurderingsmoment

- Forhaldet til teknisk infrastruktur som vegnett, vatn og avløp.

3.7.2. Vurdering av konsekvens

Fleirtalet av dei nye utbyggingsområda for fritidsbusetnad og tilhøyrande funksjonar i Tuddal ligg delvis innanfor eksisterande reinsedistrikt og innanfor utvida reinsedistrikt og vil soleis krevje noko investeringar i VA for å knytast til kommunalt anlegg. Store delar av det store utbyggingsområde Alpelandsbyen i Tuddal (innspel nr. 36) ligg også utanfor utvida reinsedistrikt. Det utvida reinsedistriktet krev utbygging av hovudleidningsnettet før områda som ligg mellom eksisterande og nytt reinsedistrikt kan koplast på. Omfang og kostnader knytt til dette vil avklarast gjennom den overordna hovudplanen for vatn og avløp som kommunen arbeider med.

For dei nye bustadområda i Hjartdal ligg ikkje kommunalt VA-anlegg fram til området.

Ingen arealinnspel som er teke inn i planforslaget vil krevje store investeringar på kommunal veg.

3.7.3. Konklusjon

Planforslaget legg opp til fleire nye utbyggingsområde for fritidsbusetnad og tilhøyrande teneste i Tuddal som ligg heilt eller delvis innanfor eksisterande eller utvida reinsedistrikt. Det er positivt med tanke på framtidig tilknyting til kommunalt anlegg. Det er berre delar av Alpelandsbyen og nye bustader i Hjartdal som er vurdert å kunne krevje større investeringar i VA for kommunen dersom dei skal stå for utbygginga.

asplan viak